

Deres ref.	Arkivsakid-doknr:	2011000929 - 122	Saksbeh:	Harald Jordal	Arkivkode:	Dato:
	Journalpostid:	2016011758	Telefon:	53 65 40 23	K2 - G21, K3 - &40	29.06.2016

**Odda sjukehus:Mandat for og val av representasjon til arbeidsgruppe. Nye lokale for legevakt. Endring av oppseiing av avtale om KAD senger,.**

Vedlagt følger vedtak.

*Vedtaket kan påklages til kommunen. Klagefristen er 3 uker regnet fra den dagen da brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkelig at klagen er postlagt inne fristens utløp.*

*Klagen skal sendes skriftlig til den som har truffet vedtaket, angi vedtaket det klages over, den eller de endringer som ønskes, og de grunner du vil anføre for klagen. Dersom du klager så sent at det kan være uklart for oss om du har klaget i rett tid, bes du også oppgi når denne melding kom frem.*

Vennlig hilsen  
For Stab

Ole Jørgen Jondahl  
rådmann

Harald Jordal  
kommunesekretær



Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Odda kommunestyre	22.06.2016	065/16

## **Odda sjukehus: Mandat for og val av representasjon til arbeidsgruppe. Nye lokale for legevakt. Endring av oppseiing av avtale om KAD senger.**

Ordføreren sitt forslag til

### **vedtak:**

1. Odda kommunestyre går inn for å setja ned arbeidsgruppe, jf vedlagt mandat i høve tettare samhandling mellom Odda sjukehus, Jondal kommune, Ullensvang kommune og Odda kommune, der Helse Fonna er positive til å vurdere relokalisering av legevakt og økonomisk oppgjer for KAD-senger.
2. Kommunane er no engasjert i arbeidsgruppa for helse og sjukehusplanen vedkomande Odda sjukehus. Kommunen skal samhandla tett med Helse Fonna og dei andre kommunane for å utvikla kommunale helsetilbod og spesialisthelsetenesta.
3. Odda kommunestyre opphevar budsjettvedtaket om oppseiinga av KAD (Kommunale akutte døgnplassar) ved Odda sjukehus frå og med 01. juli 2016.
4. Odda kommunestyre legg til grunn at noverande ordning med 2 KAD – senger vert forlenga. Inndekning ved bruk av kr 173.166,67,- per måned av bufferfondet i 2016.
5. Odda kommunestyre har ikkje innvendingar til mandat for «Arbeidsgruppe: Samhandling kommunar – Helse Fonna» - inkl. styrings – og arbeidsgruppe – slik det går fram av saksutgreiinga.
6. Frå Odda kommunestyre vel slik representasjon til Arbeidsgruppe: Samhandling kommunar – Helse Fonna.
  - a.....
  - b.....

Ordføreren i Odda, 15.06.2016

## **22.06.2016 Odda kommunestyre**

### **Behandling:**

H&S-sjef Naasen tok del i saksførehavinga.

Aga Haug (A) Orienterte innleiingsvis til stoda for lokalsjukehuset og dialogen med dei - særleg vedkomande å flytta ut funksjonar - og strategiske val.. Det er ikkje tiltenkt å velja representasjon til arbeidsgruppa som del av denne saka.

Ordf. stilte spørsmål ved habiliteten til repr. Kolltveit Børve (A). Ho meinte seg gild. Ingen følgde opp spørsmålet ut over det. Innstillinga vart

### **OK-065/16 Vedtak:**

1. Odda kommunestyre går inn for å setja ned arbeidsgruppe, jf vedlagt mandat i høve tettare samhandling mellom Odda sjukehus, Jondal kommune, Ullensvang kommune og Odda kommune, der Helse Fonna er positive til å vurdere relokalisering av legevakt og økonomisk oppgjør for KAD-senger.
2. Kommunane er no engasjert i arbeidsgruppa for helse og sjukehusplanen vedkomande Odda sjukehus. Kommunen skal samhandla tett med Helse Fonna og dei andre kommunane for å utvikla kommunale helsetilbod og spesialisthelsetenesta.
3. Odda kommunestyre opphevar budsjettvedtaket om oppseiinga av KAD (Kommunale akutte døgnplassar) ved Odda sjukehus frå og med 01. juli 2016.
4. Odda kommunestyre legg til grunn at noverande ordning med 2 KAD – senger vert forlenga. Inndekning ved bruk av kr 173.166,67,- per måned av bufferfondet i 2016.
5. Odda kommunestyre har ikkje innvendingar til mandat for«Arbeidsgruppe: Samhandling kommunar – Helse Fonna» - inkl. styrings – og arbeidsgruppe – slik det går fram av saksutgreiinga.

Odda kommunestyre kjem tilbake til val av representasjon til Arbeidsgruppe: Samhandling kommunar – Helse Fonna.

### **Bakgrunn:**

Kommunelegen i Ullensvang og Ordføreren i Odda er kommunale representantar i prosjektet prosjektgruppa for Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016-2019). Gjennom arbeidet har det blitt ein funne at samhandlinga mellom sjukehus og kommunar må bli betre. Odda kommunestyre har hatt som hovudprioritet å arbeida for akuttfunksjonar og utvikling av Odda sjukehus. «Arbeidet skal bygge på omtale av lokalsjukehusa og deira rolle i Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016 – 2019). Prosjektet skal medverke til å utvikle eit framtidssretta og trygt tenestetilbod ved Odda og Stord sjukehus der nærleik, tilgjengelegheit, at ein blir møtt med omsorg og respekt og at tenestene er trygge og av høg kvalitet, står sentralt. Prosjektet skal også fokusere på korleis dei ressursane som er lokalisert til sjukehuset blir effektivt utnytta.

*Nasjonal helse- og sjukehusplan er ein viktig del av regjeringa sitt arbeid for å skape pasientens helseteneste. Planen skal sikre trygge sjukehus og betre helsetenester, uansett kvar du bur. Nasjonal helse- og sjukehusplan gjeld for perioden 2016-2019, men beskriv og drøftar utviklingstrekk fram mot 2040. Nasjonal helse- og sjukehusplan har sju hovudområder og mål:*

- Styrke pasienten
- Prioritere tilbudet i psykisk helse og rusbehandling
- Fornye, forenkle og forbedre helsetjenesten
- Nok helsepersonell med riktig kompetanse
- Bedre kvalitet og pasientsikkerhet
- Bedre oppgavedeling og samarbeid mellom sykehusene
- Styrke akuttmedisinske tjenester utenfor sykehus

*Alle måla har eige kapittel i sjukehusplanen [www.sykehusplan.no](http://www.sykehusplan.no)*

*I Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF, krav og rammer for 2016, heiter det: Forslaga som er lagt fram i Meld.St. 11 (2015-2016) Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016 – 2019) vil få stor innverknad på helseføretaka. Stortinget skal behandle meldinga våren 2016. Styra i dei regionale helseføretaka må gjere seg kjent med innhaldet og starte arbeidet med å førebu verksemdene på forslaga som ligg i Nasjonal helse- og sjukehusplan, mellom anna ved å samle inn data og førebu dialog med kommunane.»*

### **Saka gjeld:**

Gjennom arbeidet med nasjonal helse og sjukehusplan vert det lagt vekt på god samhandling mellom kommunane og helseforetaka. Samt mellom kommunane sjølve. Odda kommunestyre fatta i budsjettsaka for 2016 i desember vedtak om å flytta dei to regionale ØH – sengene (øyeblikkelig hjelp) frå Odda sjukehus til Bokko sjukeheim med tilsvarande reduksjon av sjukeheimplassar.

Tiltaket vart budsjettert med ein innsparingseffekt på 1.9 mill i 2016 for Odda kommune.

Budsjettvedtaket om ØH – sengene var eit vedtak som var einseitig fatta av Odda og ikkje kommunisert med dei to andre kommunane som dei er eit fellestiltak før, og som alle er med å finansiera. I dag vert ØH senger kalla KAD\*-senger - (\*kommunale akutte døgnplassar))

Det vil vera rett å sei at særleg Ullensvang har reagert på Odda si einseitige oppseiing av avtalen om KAD sengene. Ullensvang herad gjer uttrykk for at dei vil bidra til å bygga opp under sjukehuset som eitt robust tilbod med akuttfunksjonar. Og meiner ei samordning av felles tenester på tvers av kommunane som legevakt og KAD-senger bør vera nært knytt til

sjukehuset. Samt at endringa svekker denne strategien. Prosjektdeltakarane Ordførar i Odda og kommunelege i Ullensvang har i arbeidet med helse og sjukehusplanen i stigande grad konkludert med at ei endring av kommunane sine fellesfunksjonar kan svekka utviklinga ved sjukehuset. Særleg er timinga midt i prosjektperioden uheldig. Ein ønsker ikkje å bidra til at endringane svekker stoda til utviklinga ved sjukehuset. Der det særleg er fokus på å sikra akuttberedskap for framtida. Stoda pr. dato er at desse sengene ikkje vert flytta i samsvar med kommunestyret sitt innsparingsvedtak- jamf. konklusjon på fellesmøte 23. mai (sjå under).

Saka handlar her primært om å få samsvar mellom vedtak og faktiske realitetar og å leggja grunnlag for å gå vidare på ein tillitsskapande og forpliktande måte. Målsettinga er å få til nødvendig betre lokale for legevakt ved sjukehuset, større belegg ved KAD-senger.

Inndekning for meirkostnaden må synleggjerast dersom kommunen skal ivareta budsjettforskriftene.

KAD sengene må og sjåast som ein del av kabalen kring legevakttenester. Og muligens legesenter på lengre sikt. Det er naturleg å sjå legevakt, KAD-senger og ambulansestasjon som tenester som bør ligga nær kvarandre.

Dialogen om lokale til legevakt og drift av øh-senger har vore sagt å vera fastlåst som skrive ovanfor med Helse Fonna og jf. usemje mellom Ullensvang og Odda. Dette må det vera mogleg å løysa med dialog på overordna nivå.

Ordførar i Odda tok difor kontakt med leiinga i Helse Fonna. Og gjorde greie for utfordringane med legevakt, KAD-senger mv. Samt ba om betring av tilhøva. Vidare framsette Ordførar ønske om dialog og forankring av eitt tettare samarbeid. Helse Fonna og lokalsjukehuset gav umiddelbart klart uttrykk for at dei ser positivt på dette og er villig til å gå inn i eitt tett samarbeid for å sikra legevakt betre lokale. Samt drøfta alle sider ved samarbeidet kring andre tema. Herunder økonomi knytt til KAD-senger, og å forankra dette på leiarnivå. Lokalsjukehuset har gitt klart uttrykk for at dette er positivt for den framtidige sjukehusdrifta og utviklinga for framtida. Lokalsjukehus og kommunar må stå saman frametter for å utvikla tilboda i vår region og sikra gode tenester til pasientane både akuttmedisin, akuttkirurgi og planlagde behandlingar. Gjennom prosjektmandatet nedanfor vil ein snu alle steinar for å vurdera robuste løysingar som kjem pasientane, kommunane og lokalsjukehuset til gode.

Det er etablert ei :

#### **Arbeidsgruppe samhandling kommunar – Helse Fonna**

Dei skriv:

*Det er i dag to KAD-senger (kommunale akutte døgnplassar) lokalisert ved Odda sjukehus som ein del av eit samarbeid mellom kommunane Jondal, Ullensvang og Odda. Alle kommunar i landet er gjennom samhandlingsreforma pålagt å opprette denne form for helsetilbod til innbuarane.*

***I møte mellom varaordførar i Jondal kommune, ordførar i Ullensvang herad, ordførar i Odda kommune og administrerende direktør i Helse Fonna den 23.05.16 var det semje om å forlenge den eksisterande avtalen om drift av interkommunale KAD-senger ved Odda sjukehus inntil vidare.***

*I møtet mellom partane blei det òg semje om å opprette ei arbeidsgruppe med representantar frå dei tre kommunane og Helse Fonna for å vurdere utviklingsmoglegheiter og synergjar innan legevaktssamarbeid og drift av dei kommunale KAD-sengene i Odda.*

### **Mandat for arbeidsgruppa**

Arbeidsgruppa skal drøfte moglegheiter for å utnytte KAD-sengene betre og kome med forslag til vidare driftsform.

Arbeidsgruppa skal vurdere lokalisering av interkommunal legevakt og eventuelt legesenter ved Odda sjukehus eller sjukeheimen i Odda og kome med forslag til vidare driftsform.

Det må for begge områda vurderast konsekvensar for sjukehusdrift, andre leietakarar, tilgang for pasientar, tilgang for ambulanse og løysningar for parkering. Vurderingane må grunnleggjast med bakgrunn i gjeldande Lov og forskrift, nasjonale og regionale føringar som samhandlingsreforma, akuttmeldinga, nasjonal helse- og sjukehusplan og utgreiingar som følgje av denne.

I vurderingane skal omsynet til pasienten stå i sentrum. Pasienttryggleik, arbeidsmiljø, kvalitet og kompetanse må ivaretakast i endeleg forslag frå arbeidsgruppa. Vidare skal samarbeid om pasientbehandling i kommune og helseføretak innan somatiske helsetenester, psykisk helsevern og rus vektleggjast i arbeidet.

### **Arbeidet skal ferdigstillast innan 31.12.16.**

Tilrådingar frå prosjektet og eventuelle endringar i samarbeidsavtalar skal handsamast politisk i kommunane og av styret i Helse Fonna HF.

### **Forslag til samansetjing av styringsgruppe**

Rådmann i Jondal kommune

Rådmann i Ullensvang herad

Rådmann i Odda kommune

Adm. dir. i Helse Fonna

### **Forslag til samansetjing av arbeidsgruppe**

2 representantar frå Jondal kommune

2 representantar frå Ullensvang herad

2 representantar frå Odda kommune

Tillitsvald frå Den norske legeforening frå kommunane

Seksjonsleiar somatikk ved Odda sjukehus

Seksjonsleiar internservice ved Odda sjukehus

Tillitsvald frå Helse Fonna

Representant frå vernetenesta i Helse Fonna»

### **Vurdering /drøfting:**

For Odda kommune er det grunnleggjande viktig å ha ein god og konstruktiv dialog med Helse Fonna og Jondal kommune og Ullensvang herad om drifta av Odda sjukehus. Odda sjukehus er ein viktig institusjon både i Odda by og for heile regionen. Odda sjukehus er såleis eit emne som vedkjem fleire kommunar og representerer ein **basisressurs** i lokalsamfunnet. Sjukehuset er i seg sjølv ein plussfaktor for eksisterande og for etablering av både nye bedrifter og hushald. Odda sjukehus er og med det geografiske omlandet og ein del av den store samfunnskontrakten mellom staten og innbyggjarane.

### **Økonomiske konsekvensar av saka**

- a. Driftskonsekvensar : Varig auke på 2.078 mill. pr. år i form av redusert innsparing i høve til dei vedtak som er fatta for budsjett 2016. Om ikkje prosjektet medfører endringar i basis vil det auka driftsnivået måtta innarbeidast i økonomiplanen for 2017, 2018 og 2019
- b. Investeringskostnader : Nei ikkje av saka

c. Finansiering: Dekking frå bufferfondet i 2016

**Risikovurdering:** Avviket mellom realinnhald i vedtak i kommunestyret og faktisk utvikling i saka om KAD- senger må tettast og dialogen vidare med Helse Fonna og Jondal og Ullensvang treng å formaliserast og kvalitetssikrast. Arbeidsgruppa for samhandling er eit element som for å kvalitetssikra denne dialogen

### **Saka sitt forhold til**

Folkehelse, livskvalitet og oppvekstmiljø: Viktig

Klima, miljø og energi:

Verdiskaping og næring: Odda sjukehus er ein særst viktig faktor, både i seg sjølv - og som basis for anna verdiskaping i distriktet. Sjukehuset sin eksistens og aktivitet gjer det lettare å rekruttera fagpersonell både til kommunale helsetenester og til andre næringar.

### **Samandrag/ konklusjon:**

Saksframlegget er meint å lukka eksisterande vedtaksavvik og leggja grunnlag for ein betre dialog /samarbeid med Helse Fonna og Ullensvang herad / Jondal kommune kring Odda sjukehus si framtid

Saka skal ekpederast av: Sakshandsamar  
Særutskrift skal sendast til: Alle relevante partar  
Arkiv